

Møtereftrat

Møte: Møte AU Nord
Tid/Sted: Måndag 07.11 kl 14 - kl 18.30 på Radisson Blu Hotel Tromsø
Tilstede: Bernt Mikalsen, Pål Ove Wika, Merethe Sund, Svein Slåtsveen, Fred Tore Fagereng, Ragnhild Engan, Endre Østbø, Teig Madsen og Svein Inge Jakobsen
Forfall:
Kopi til: Vara AU. leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 7. november 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styremøtet 24. – 25. oktober <p>Teig orienterte om prognosen for 2017, samt engrosprisetfastsetjing. Lam: Nortura har stort kommersielt lager på 90 mill kr. Reduserer engrospris 1. halvår. Gris: Nærmar seg utfordrande nivå på overskotet. Egg: Sett i gang arbeid for å sjå på korleis ein kan fase over produksjonen frå miljøbør til frittgåande. Kylling: Lagernedbygging. Snittpris for lam i vekene 28 – 42, samanlikna 2016 mot 2015: Nordland har tapt 34 øre/kg meir enn snittet på landsplan, Troms 12 øre/kg og Finnmark 18 øre/kg.</p> <p>Vidare om at vi oppgraderer teknologien, ved å ta i bruk SAP frå 2017. Kommerielt lager av lam og skjering: Ligg over målsett nivå pga prioritert uttak av råvare til pinnekjøtt. Balansert sal av storfe: 1 kg biff indrefilet gjev stort volum kjøtdeig.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Er årsaka til lågt uttak frå reguleringslager at dei andre aktørane har hatt mykje lam på lager?• Vanskeleg å nå fram i media, jf andre aktørar som seier dei ikkje har tilgang til lam. Må få fram budskapet vårt, utan å framstå sutrete. Andre aktørar verkar å vere meir på høgget.• Prior er meir offensiv i reklamen. Produsentane av lam innser ikkje heilt alvor, samt at det er vanskeleg å finne lam i butikkane.• Kva er att i Matiq, og kva har vi bruk for det til vidare? <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	Aktuelt frå regionen <p>Svein Inge orienterte om rådgjevarbesøk i regionen hittil i år, utvikling i leveransar av gris, småfe og storfe til dei ulike anlegga inkl Horn hittil i år. I Nord-Norge nedgang i leveransar av storfe, samanlikna med landet. Fortsatt uro knytt til Finnmark rein. Fabrikkdirifta.</p> <p>Bernt Mikalsen er tilsett som ny rådgjevar på småfe etter Lars Ivar Fause. Inneber at Pål Ove må ta over som RU-leiar frå nyttår.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Verkar «Kjøtt i Nordland-prosjektet»? Har vi nok ressursar på storferådgjeving?• Meiner at i Finnmark er det positiv trend for auka storfekjøttproduksjon, kjenner ikkje att tala.• Dersom nokon er misnøgd med lammeringsleiarane sin, kven skal ein ta det opp med?• Behov for samling og oppgradering av lammeringsleiarane.	Svein Inge

- Trend på storfe er ikkje bra. Må vi ta meir styring på prosjekta vi deltek i, for ønska effekt? Vurdere eit prosjekt for heile regionen? Viktig å delta i forum som t.d. Nordnorsk Landbruksråd, ved å setje dagsorden. Svein Inge

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 Førebuing av RU-møtet

Brit Kari gjekk gjennom køyreplanen, og opplegget for separate møter for dyreslaga, gruppearbeid på Ny Giv i kretsarbeidet og kva saker vi forventar vert tatt opp, vart drøfta.

Vega vart valgt ut som mest aktive kretsutval.

Innspel:

- AU bør vere tydeleg på sitt syn vedk Nord-Norge trekket.
-

4 Kretsmøter 2017

Brit Kari orienterte.

5 Eventuelt

Merethe orienterte frå Kvinnekonferansen i Bodø.